



Torfinn Myklebust – takkar truleg av etter 24 år i lokalpolitikken. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Før i tida var det heilt vanleg at folk kledde seg meir opp då dei skulle i kommunestyret. Mennene gjekk alltid med slips, ingen kom i dongergibukse. Det var meir formelt den gongen. Det seier uskedelingen Torfinn Myklebust til innsida.no.  
No rundar han truleg av etter 24 år som kommunepolitikar.**

Då han var med i det siste møtet på Husnes torsdag, gjekk han ikkje med på at det var ein vemodig dag, men likevel litt rart etter so mange år.

Han vart første gang innvalt på Høgre si liste i 1983. Åtte år seinare var han med og starta TS og no sluttar han av som uavhengig etter å ha brote med Høgre under nominasjonsstriden. Frå den første tida som politikar minnst han ikkje minst møta i bedehuset i Rosendal. Då kunne einskilde representantar ta ordet i kvar einaste sak og det var svært lange møte.

Myklebust hugsar plasseringa av rådhuset i Rosendal og vidaregåande skule på Husnes best av politiske saker frå 1970-åra. Han var då presseemann.

Seinare kom striden om Folgefonntunnelen, som førde til ei mobilisering for å få han og Bjarne Berge med fleire vekk frå Høgre. Det enda med etablering av TS-lista i 1991 og som gav partiet ein rekordoppslutnad på 28 prosent og 13 representantar.

Når det så gjeld det politiske arbeid i dag, meiner Myklebust at ein del større saker etterkvart bør vekk frå rådmannen og attende til politikarane for å unngå det han kallar rådmannsveldet.

innsida.no bringer også videointervju med Myklebust og SVs Arve Opsanger, som takkar for seg etter 16 år.